

Plan for psykososialt Læringsmiljø Valen skule – 2019/2020



«Valen skule ein trygg og god skule» er målet vårt. Me er ein god PALS-SKULE. Me jobbar systematisk og jamt for eit positivt skulemiljø der grupper og enkeltelevar skal greie å gjere sitt beste i skularbeidet. Me har eit mål om at ingen skal bli utsett for mobbing eller krenkjande handlingar i skuletida.

Valen skule skal jobbe systematisk proaktivt for fremje eit godt psykososialt læringsmiljø for alle elevane i skulen.

Me skal ha eit godt samarbeid med føresette. Både enkeltvis, klassevis og i rådorgan som FAU / SU.

Skulen sine tiltak

Elevsamtalar

Frekvens: Minst annan kvar månad.

Innhald: Har du det trygt og godt på skulen? Ser du nokon som ikkje har det trygt og godt? Nyttar utviklingssamtalar til å inkludere tema rundt skulemiljø.

Inspeksjon

Skulen har tydelege rutinar for inspeksjon i friminutta samt god vaksendekning med minimum 1 vaksen per 20 elevar. Formålet er å vera synleg og tydeleg. Erfaringar rundt inspeksjon vert delt i heile kollegiet jamnleg, gjerne i PALS – møte.

Utviklingssamtalar med føresette

Frekvens: Halvårleg og ved behov.

Innhald: Trivsel er tema på alle foreldresamtalane. «Har du det trygt og godt på skulen? Ser du andre som ikkje har det trygt og godt?».

Foreldremøter

Klasseforeldremøte 1 gong kvart halvår, der klassemiljø og det psykososiale miljøet er tema. Eit av møta er og i samarbeid med FAU møte med ulike tema, t.d. Barnevakten med digitalutfordringar.

Elevundersøkinga

Frekvens: Oktober kvart skuleår.

Skulen nyttar Elevundersøkinga som grunnlag for analyse og tiltak for å styrke skulemiljøet. Resultata ver systematisk analyser og brukt for å setje inn tiltak av

tilsette. Resultata frå undersøkinga vert presentert for og drøfta med FAU og Skulemiljøutvalet.

SPEKTER undersøking.

Frekvens: Haust, vinter og vår.

Elevar frå 3. – 7 . klasse skal gjennomføre Spekter undersøking (Læringsmiljøsenderet), ein undersøking der elevane sine meiningar kjem fram. Dette skal me bruka systematisk for å kartleggje, analyserer, og setje inn tiltak på klassenivå og på individnivå. Det gjeld både trivsel, mobbing, og læringsmiljø.

<https://laringsmiljosenteret.uis.no/skole/mobbing/filmer-boker-og-verktoy/spekter-kartleggingsverktoy/>

SWIS- School Wide Information System.

Frekvens: Kontinuerleg

Som god Pals-skule har me løyve til å nytte SWIS som er administrert av NUBU. Kort fortalt samlar me systemisk inn hendingar der elevar har fått konsekvensar, t.d. ekstra samtale med lærar, melding heim og liknande. Informasjonen om hendinga blir skriva på ei hendingsrapport. Sidan blir den lagt inn i SWIS databasen. Der får me informasjon om kva som har skjedd, kvar skjedde det?, kortid?, kva type åtferd?, motivasjon for åtferda? Og liknande.

Dette blir analysert av PALS teamet og formidla jamleg (3 gonger i året/ eller ved behov.) Tilsette er svært flinke å rapportere. Me analyserer på enkelt individ nivå og klassenivå. Og det viktigaste er at me set inn tiltak for ein skilde elevar eller klassar som me ser treng hjelp/ endring.

Med SWIS får me ein veldig viktig del av ein heilskap. Me får brukt DATA systematisk i lag med TEORI og PRAKSIS. Beste veg til god praksis.

<https://www.swis.no/>

PALS (Positiv Adferd og støttende læringsmiljø)

Me bruker PALS som ein systematisk metode for alle tilsette

Frekvens: Kontinuerleg

Hovudreglane er:

Vis Ansvar

Vis Respekt

Vis Omsorg

Personalet følgjer ein årsplan i Pals. Me har 4 kveldsmøter i året der heile personalet deltek. Dette gjenomsyrer korleis klasseleiing og vaksenåtfærd i høve ungane er. Me skal fram stå som gode, trygge vaksne for ungane. Me skal ha tydelege forventingar på ulike arena (t.d. klasserom). Me skal ha systematisk gode beskjeder og ROS til ungane. Det er svært viktig at vi øver oss/ ungane på forventingane me har på dei ulike arena. Me må øve for å lære og for at det skal vere eit trygt og tydeleg læringsmiljø. Me har Pals-tid med elevane kvar veke. <https://www.nubu.no/informasjon-om-pals-modellen/>

Me arrangerer kvar år:

Venneveke med aldersblanda grupper.

Leikeveke med aldersblande grupper.

Anti mobbing veke for alle klassane samstundes.

ANTI MOBBE PROGRAM

Frekvens: Kontinuerleg

Der brukar me ein metode frå Pals.

STOPP – GÅ VEKK – SEI IFRÅ. (STOP – WALK – TALK)

Dette er ein metode me øver på og lærer elevane å bruke om dei kjem i t.d. ein krenkingsituasjon.

<https://www.pbisworld.com/tier-1/stop-walk-talk-strategy/>

Tverrfagleg samarbeid.

Helsesjukepleiar i skulen. 2 dagar i veka er helsesjukepleiar på skulen. Enkelt elevar, tilsette ved skulen og føresette kan nytte helsesyster desse dagane. Ho deltek og på foreldremøter i klassene.

Brukarmedverknad Valen skule

Elevane, foreldra og ulike rådsorgan skal involverast i arbeidet med det psykososiale skulemiljøet. Innhaldet i planen skal vera kjent for elevråd, foreldre, FAU, samarbeidsutvalet (SU) og skulemiljøutvalet (SMU).

I aktivitetsplikta ligg det ei klar forventning om at eleven og føresette blir informerte om kva som vert gjort. I tillegg skal eleven og foreldra bli høyrde i si sak. Skulen skal alltid ta omsyn til barnet sitt beste i sine vurderingar.

Rådsorgan Valen skule

Handlingar:	
Elevråd – innan tre veker etter skulestart.	(min. 4 møte pr år)
Foreldreråd / FAU – innan tre veker etter skulestart.	(min. 3 møte pr halvår)
Skulemiljøutval – innan midten av november/ mai måned.	(min 1 møte pr halvår)
Samarbeidsutval	(min 1 møte pr halvår)

Elevråd:

Skulen har elevråd etter Opplæringslova §11-2.

Elevrådet sine oppgåver kan vera:

- Kantine
- Arrangera ulike dagar, t.d. sportsdag
- Innkjøp
- Kjem med forslag til aktivitetar

- Ser på resultat av undersøkingar
- Leiar og nestleiar er med i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet

Klasseråd:

Klassane har klasseråd 1 gong i månaden. Saker frå klasseråd blir melde til elevrådet.

Foreldreråd/FAU

FAU blir danna av klassekontaktane seinast 3-4 veker etter skulestart.

Leiar og nestleiar er med i SU og KFU.

Har alltid trivsel/skulemiljø oppe på kvart møte.

Samarbeidsutval/Skulemiljøutval

Samansetjing av utvalet:

- 1 frå undervisningspersonalet
- 1 frå andre tilsette
- 2 frå FAU
- 2 frå elevrådet
- 2 frå kommunen, der den eine er rektor.

Representantane for dei tilsette, også lærarrepresentantane, skal veljast av og blant dei tilsette, og ikkje av t.d. organisasjonane.

Elevrepresentantane skal ikkje vera til stades ved saker som krev teieplikt.

Samarbeidsutvalet kan uttala seg om alle saker som gjeld skulen.

Opplæringsloven § 9-A - trygt og godt skulemiljø

Rektor og skulen sine tilsette skal følgje Opplæringslova §9a. Ved skulestart og jamleg gjennom skuleåret skal skulen gjennomgå aktivitetsplan som gjeld §9a.

Aktivitetsplikt for alle tilsette

Aktivitetsplikta blir løyst ut når ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø. Aktivitetsplikta er ikkje avgrensa til å gjelde skuletid/område så lenge eleven sin oppleving av skulemiljøet blir negativt påverka av situasjonar/handlingar som skjer utanom skuletid eller på digitale medium. Delpliktene **følgje med, gripe inn og varsle gjeld alle tilsette ved skulen**. Plikta til å undersøkje saka og setje inn tiltak er skulen (leiar) sitt ansvar.

Delpliktene:

Følgje med: Alle tilsette skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Dette gjeld for skuletida og SFO. Me føl med ved å observera aktivt og vera tett på elevane. I tillegg brukar me metodar som undersøking, kartlegging og elevsamtalar

Gripe inn: Alle skal gripe inn i situasjonar der ein elev blir utsett for krenkingar, dersom det er mogeleg. Krenkinga skal stoppast, og den vaksne skal ta tydeleg avstand frå slik åtferd.

Varsle: Ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit godt og trygt skulemiljø skal den tilsette alltid varsle til rektor.

Mistanke om brot på det psykososiale miljøet blir ofte oppdaga gjennom:

- Ein mistenkeleg episode
- Varsling frå eleven/foreldre/medelevar
- Eigne observasjonar
- Problemåtferd mm.

Undersøke: Dersom rektor får varsel om krenking, skal saka straks undersøkast. Skulen kan nytta ulike metodar og verkøy. (dialogisk samtale med dei involverte òg dei rundt, observasjon, spørjeundersøkingar mv).

Tiltak: Rektor har ansvar for, innan ei veke, å setje inn tiltak for at eleven igjen skal få det trygt og godt på skulen. Tiltaka skal vurderast ut frå eleven si forståing av saka og må ta utgangspunkt i barnet sitt beste. Tiltaka skal vera skriftlege i ein tiltaks/aktivitetsplan.

Dokumentasjon: Skulen har eit to-delt dokumentasjonskrav. Det skal lagast ein skriftleg plan når det vert sett inn tiltak i ei sak, i tillegg skal skulen gi overordna dokumentasjon for kva dei gjer for å oppfylle aktivitetsplikta.

Det er utarbeida felles malar for dokumentasjonskravet, og rutinar for korleis saker skal arkiverast.

Desse ligg i Compilo og ePhorte.

Utøvande tiltak/handlingsplanar for å stoppe og snu destruktive handlingar og miljø

Nokre saker knytt til elev/-ar sitt skulemiljø kan vera utfordrande, komplekse og av meir alvorleg art. Det kan vera vanskeleg for skulen å løyse denne type saker, og det kan vera nødvendig å søkje hjelp og rettleiing frå andre instansar.

Visjonen for tilsette i Kvinnherad er *saman om utvikling og gode tenester*. Fleirfagleg innsats og samhandling kan bidra positivt til ei løysing. Naturlege samhandlingspartar kan vera PPT, skulehelsesøster, barnevern, SLT-koordinator, politi m.f.

Foreldre/elev må samtykke til at skulen får dele saka med andre instansar.

Krenkingar på digitale medium

Dersom digitale krenkingane fører til at eleven opplever mistriivsel med å vera på skulen, utløyser dette aktivitetsplikta for skulen, sjølv om krenkingane har skjedd utanom skuletid og utanfor skulen sitt område.

Digitale krenkingar og deling av bilete kan meldast til politiet. Føresette kan melde dette sjølv. Dersom skulen skal melde, så skal det gå via sektorleiar.

Dersom ein tilsett krenkar elev

Alle tilsette har plikt til å varsle rektor dersom ein får mistanke om eller kjennskap til at ein kollega utset ein elev for krenkingar. Rektor skal varsle skuleeigar.

Dersom ein i leiinga ved skulen står bak krenkinga, skal varslinga gå direkte til skuleeigar.

Klagerett

Dersom ein elev, eller deira foreldre meiner at skulen ikkje har gjort det dei skal for å stoppe krenkingar, eller for at eleven skal få eit trygt og godt læringsmiljø kan de melde saka til fylkesmannen.

Før ein elev/forelder melder saka til fylkesmannen, må saka vera tatt opp med rektor og skulen må ha fått minst ei veke på å undersøke og setje inn tiltak i saka.

Felles materiale og dokument for Kvinnherad-skulen

For å sikre lik praksis i Kvinnherad-skulen, er det med heimel i opplæringslova utarbeidd nokre felles rutinar, retningslinjer og forventningar. Desse er å finna på kommunen sitt kvalitetssystem, Compilo.

- Felles ordensreglement for Kvinnherad-skulen
- Rutine for elevundersøkinga (frå gjennomføring - pedagogisk analyse-tiltak)
- Retningslinjer – organ for brukarmedverknad
- Overgangar - god og trygg start, frå barnehage til vidaregåande opplæring
 - rutine frå barnehage til skule
 - frå barneskule til ungdomsskule
- Aktivitetsplikta:
 - sjekklister for arbeidet med dei ulike delpliktene - sikre lik praksis i skulane
 - informasjonfaldar til foreldre/føresette - info om oppl § 9 A
 - presentasjon til bruk på foreldremøte - oppl § 9 A
 - malar:
 - varslings skjema
 - dokumentasjon på overordna arbeid
 - tiltaks/aktivitetsplan
 - arkivrutine og skrivereglar
 -

Ulike verktøy som kan vera nyttige i arbeidet

Betre tverrfagleg samarbeid (BTI)

- [Handlingsretteleiar](#) – Rutine ved bekymring, ulike skjema og hjelpedokument
- Stafettlogg (digital samhandlingsarena)
- Spekter – kartlegging av elevmiljø

Nyttige lenker

- [Opplæringslova Kapittel 9 A](#)
- [Overordna del – verdier og prinsipper for grunnsopplæringa](#)
- [Skulemiljø Udir – 3- 2017 - Kva skal skulen gjere?](#)
- [Udir: Døme på tiltak i skulemiljø saker](#)